



Stord cricketklubb herrelag 2020: Stående f.v. er Saidgul Mosa, Chittiaranjan Dash, Kevin Varghese, Mohammed Kaderkhel, Tarig Bahar, Fida Safai, Neeta Sankholkar, Chetan Tande, Rafinillah Urakheil, Bari Shinkari, Sahmrez Husseeni. Sitjande: Samiulhag Safi, Ihsan Faroukhi, Hasan Momand, Ali Irtaza Kazmi. Fremst: Yaserullah Tarakhel. Foto: Jarle Kaldråstøy!

Skreiv crickethistorie på Vikahaugane

Cricket er på full fart inn i lokalidretten på Stord. Laurdag vart første vestlandsstemnet arrangert på Vikahaugane.



[Jarle Kaldråstøy](#)

Publisert: 29.02.2020 19:05 Sist oppdatert: 02.03.2020 09:36

Det var god plass i hallen og dermed lite knuffing og kroppskontakt, men til gjengjeld var det strenge krav til presisjon og fart.

Utstyr i skulane

Historiebøkene viser at cricket har eksistert like sidan 1200-talet. Særleg har det vore ein populær aktivitet i England, men også i mange av dei tidlegare engelske koloniane som Australia, Sør-Afrika, og India/Pakistan t.d. No er cricket også på full fart inn i lokalsporten på Stord.

– Ja, cricketklubben har alt delt ut litt utstyr som skulane kan nytta i gymtimane, fortel Neeta Sankholkar i den lokale cricketklubben.

– I april inviterer me klassar i barneskulane til turnering. Innleiingsrundane går innandørs før det vert finalespel utandørs i slutten av mai. Me er i gang. Dette blir gøy, seier Sankholka

Ho var godt nøgd med oppslutnaden også ved dette første vestlandsstemnet.

– Absolutt. Det var lag i tre forskjellige klassar. I herreklassen hadde me fem lag med. I tillegg til dei to laga frå Stord stilte Stavanger med eitt- og Bergen med to lag. I U 20-klassen stod det mellom Stord og Bergen. Den duellen gjekk Stord sigrende ut av.

U 13 var den tredje klassen i dette stemnet. Der var det lag frå Bergen, Stord og Stavanger. I finalen møttest Stord og Lassa frå Stavanger. Rogalendingane drog til slutt lengste strået, fortel Neeta Sankholkar.



Cricket: Stord sin kaptein, Rafinllah Urakheil, med ein fulltreffar i ein av dei innleiande kampane. Foto: Jarle Kaldråstøyl

Utandørsidrett

Cricket er opphavleg ein utandørsidrett. To lag kjempar mot kvarandre. Kwart lag har som fotball 11 spelarar.

Cricket vert også spelt innandørs, men då er det berre åtte spelarar på kvart lag.

Fagforbundet sin kulturpris

Midtvegs i turneringa på Vikahaugane denne laurdagen dukka representantar frå Fagforbundet Stord og Fitjar, opp med ein gåvesjekk som Neeta Sankholkar tok imot på vegner av cricketklubben.

- Prisen har eksistert i mange år, forklarte leiar Asbjørg Verpelstad i Fagforbundet.
- Prisen skal vera uavhengig av pengar og prestasjonar. Den skal gå til det me kan kalla lågterskel klubbar der ein driv sunn og positiv aktivitet. Det som er litt spesielt med cricketklubben er at han driv på ein måte omvendt integrering. Det er positivt på fleire måtar, sa Verpelstad før ho overrekte diplom og gavesjekken på kr 10.000 til cricketklubben.



FEKK DIPLOM: Neeta Sankholkar var både stolt og glad då Jorge Del Pino og Asbjørg Verpelstad frå Fagforbundet Stord og Fitjar dukka opp med gåve og diplom. Foto: Jarle Kaldråstøyl